

Therese Sørensen Haugland (5)
Brit Tone Bjorheim (6)
Janne Beth Lygren (7)
Ingelin Aarsland (8)
Berit Rugland (9)
Christina Jonassen (10) forfall
Seri Refsnes (rektor)

Dykkar ref.

Vår ref.
129/22

Arkivkode
Websak

Stad/dato
Vigrestad 02.05.2022

Referat frå FAU- møte på Vigrestad storskule

Tilstede:

Therese Sørensen Haugland (5)
Brit Tone Bjorheim (6)
Janne Beth Lygren (7)
Ingelin Aarsland (8)
Berit Rugland (9)
Christina Jonassen (10) forfall
Seri Refsnes (rektor)

Dato: 28.04.22 kl. 19.00 - 20.30

Stad: Personalrommet på storskulen

Saker:

Sak 04/2021/2022: Hærverk på skulen

Info om ny sak i forhold til hærverk. To vindu knust i løpet av helga. (veke 16)
Sameiet i Rema 1000 har gitt beskjed om at det er mykje søppel utanfor etter 10.kl i
matfriminuttet. Seri har vore å informert 10. klasse.

Sak 07/2021/2022: Foreldremøta til våren

Barnevakten: Viktige tema. Konkrete eksempel. Bra med dialog mellom dei som var
til stede. Han var flink og klar han som var foreleser. Skulen var nøgd med oppmøtet.

Sak 09/2021/2022: "Partnerskap mot mobbing"

Me i FAU møter før for å lage til og er med på å rydde etterpå på bygdekvalden 19.
mai.

Sak 11/2021/2022: Skulestruktur Vigrestadbygda

Felles møte i begge FAU veke 22. Me ynskjer å stille som samla FAU. 30. mai kl. 19.30 på storskulen. Brit Tone snakkar med FAU barneskulen om tidspunktet passar.

Sak 15/2021/2022: Ny leksestruktur

Seri presenterte eit forventningsdokument om lekser som lærarane har utarbeida. FAU hadde ingen innvendinger på dette.

Sak 16/2021/2022: Kvifor lærarar sluttar?

Seri er einig i at det har vore ein del gjennomtrekk i det siste. Ho seier vidare at det er mange ulike årsaker til det. Mykje går på helseutfordringar der ein også har opplevd at det har auka/toppa seg i forhold til ekstra byrden/arbeidsmengden i koronatida. For enkelte har dette med klasseleiing vore vanskeleg, nokre har gått til næringslivet og nokre opplever eit krevjande heim- skule samarbeid. Det er også permisjonar knytt til svangerskap, som inneber vikarar for både mannlege og kvinnelege tilsette. Seri fortel vidare at det er gode vaksne på skulen og at det blir gjort eit veldig godt arbeide på alle trinn.

Eventuelt:

- Kva kan FAU gjera for å skape eit betre miljø mellom foreldre og heim/skule: Forslag om å lage til ein grillkveld for 5. kl og 8. kl på hausten. Obligatorisk for elevane - får avspasere. Skulen ynskjer også å starte opp igjen med aksjonsdag, den har ikkje blitt gjennomført pga. korona
- Forslag om å presentere FAU på bygdadagen. Der me oppfordrer foreldre til å bruke oss. Therese tek det vidare.
- FAU tek opp dette med at foreldre på trinna bør få beskjed når nye elevar starter i klassen. Seri tek dette vidare til personalet.
- Til info: Vigrestad har nokre elevar frå Ukraina allereie og nokre kjem i løpet av hausten.

Ref. Janne Beth Lygren